

Informasjonsmøte for lag og organisasjonar 28. november 2017

Frammøtte:

Alexander Rikstad (Radøy ungdomsklubb), Sandra Morken Reigstad (Radøy ungdomsklubb), Susanne Sævdal Bere (Radøy ungdomsråd), Rut Kongevold (Radøy musikkråd og Manger old star brass), Håvard Skutle (Manger musikklag), Berit Kvalvik (LHL Radøy og Radøy sogelag), Silje Namtvedt (Radøy mållag, Radøy IL og Hordabø skulemusikklag), Jarle Pedersen (Manger cup), Bjørn Ove Myking (Radøy idrettsråd), Odd Helge Hagen (Manger IL og Radøy idrettsråd), Arne Askeland (Radøy/Manger fotballklubb og Håvard Soltveit (RS ung Radøy)

1. Informasjon om arbeidet med nye retningslinjer for prioritering av hall- og bassengtid i

Radøyhallen

Mål: føreseieleg, likebehandling og enkelt å administrera

Arne Askeland: Innandørsidrettar bør prioriterast framfor utandørsidrettar.

Silje Namtvedt: Skyttarlaget må få melding når det er uheldig med skytetrening samstundes som det er arrangement i hallen, t.d. turnoppvisning i hallen.

Bjørn Ove Myking: Skyttarlaget må melda inn treningstider til kommunen.

Arne Askeland: Burde vore lager i tilknyting til tribuna.

Kommentar: Andre aktivitetar i regi av kommunen eller lag og organisasjonar bør inn på før punkt 3.

Laga kan diskutera retningslinene i laga. Frist for tilbakemelding 25. januar.

2. Informasjon for frå ungdomskoordinatoren

- Ungdomskoordinatoren ynskjer endå betre samarbeid med lag og organisasjonar.
- Ungdomskoordinatoren ynskjer informasjon om aktivitetane til laga som t.d. ekstraøvingar og cupar. Ho understrekar at ungdommar ikkje får lov til å prioritera ungdomsklubben føre aktivitetar i lag og organisasjonar dei er med i.
- Halvtårsplanar for ungdomsklubben vert laga i mai og desember. Oppfordrar lag til å senda info om når dei har ulike arrangement slik at ungdomskoordinatoren kan planlegga ut i frå det.
- Oppfordrar lag til å ta kontakt om dei ynskjer samarbeid.
- Kven som helst kan melda inn saker som dei ynskjer at ungdomsrådet skal handsama.
- Oppfordrar lag og organisasjonar til å koma med forslag til ungdomar frå vidaregåande som skal sitte i ungdomsrådet. Frist for å melda inn tidleg i august.
- Lag og organisasjonar kan søkja midlar frå ungdomsrådet til aktivitetar for born og unge. Det er mogleg å søkja heile året.
- Når det gjeld prosessen med ny kommune har ungdomsråda i dei tre kommunane sendt brev til fellesnemnda med spørsmål om støtte til fellesarrangement for alle ungdomsråda.

Bjørn Ove Myking: Er det samarbeid med eldrerådet? Kunne dei vore invitert på kveld og sett korleis ein organiserer arbeidet?

Ein del kollisjonar mellom ungdomsklubben og fotballtreningar. Kretsen har sett opp torsdag som kampdag. Bør ein endra klubbdag?

Idrettsrådet vert oppmoda om å invitera ungdomsrådet til arrangement som angår ungdommane.

3. Koordinering

- Bruk kulturkalenderen. Legg gjerne inn datoen så snart den er klar, sjølv om ein ikkje har all informasjon for arrangementet. Det kan leggjast inn seinare.
- Meld gjerne inn større arrangement før januar slik at kommunen kan leggja det inn i årsplanar.

4. Kultur dagar

- Siste kulturdagane i Radøy kommune
- Vert arrangert i perioden 20.-29. april
- Skal bygga på lokale lag og organisasjonar
- Ta gjerne kontakt med Bente K. Hervik så snart som råd for å melda inn arrangement. Siste frist for å melda inn arr er 20.januar.
- Midlar sett av til kultur dagar totalt er kr. 140 000. Lag og organisasjonar kan søkja støtte til gjennomføring av arrangement.

Innspel:

- folkedansekurs – kunne dette vore mogleg å få til?
- Forslag til fellesarrangement – seniordans – ungdomsklubben
- Internasjonal aktivitetsdag – torsdag – med seniordans

5. Tilskotsordningar

Prosjekt og aktivitetsstøtte

- Midlar att i år – ein kan søkje i år til arrangement for neste år

Leiaropplæringsmidlar

- Viktig å vise at dette er midlar som er behov for – søk!

Friluftsliv

- Mange fristar i januar, februar
- Turskiltprosjektet – kommunen kan ikkje søkje aleine, må søkje i samarbeid med eit lag. Ta kontakt med Bente Hervik om det er nokon som ynskjer samarbeid med kommunen.

6. Ymse:

Trafikksituasjonen ved til Radøyhallen. Mykje trafikk, fart, mange parkerte bilar og manglande utelys. Det bør på plass fartsdumpar og betre lys slik at ein får ein tryggare trafikksituasjon i området. Det er sendt to brev til kommunane om dette, men det er ikkje gjort noko og det er ikkje kome noko tilbakemelding

Silje Namtvedt: Stille spørsmål om ungdomsrådet kunne jobba for eit betre busstilbod mellom aust og vest i kommunen. Kan dei t.d. stilla spørsmål til spørjetimen? Ungdomsrådet vert også oppmoda om å bruke media på dette.

Svar: Ungdomsrådet har tatt dette opp mange gangar. Prøver på nytt no når det er nytt selskap.